



25-ÅRSJUBILEUM FOR MASFJORDEN KOMMUNE SIN TUSENÅRSSTAD FJORDEN



25-ÅRSMARKERING FOR FJORDEN SOM KOMMUNEN SIN TUSENÅRSSTAD

For 25 år sidan feira Masfjorden tusenårsskiftet med å peika ut sjølve fjorden som kommunen sin tusenårsstad. 22. - 23. august vart 25-årsjubileumet markert.

Ved årtusenskiftet leita ein etter noko som var felles for innbyggjarane og som alle kunne identifisera seg

med. Fjorden har alltid vore viktig i fritid og arbeid, som ferdselsåre og matfat. Og fjorden er bestandig.

I dette heftet er det samla talar, helsingar og bilete frå markeringa.



Foto: Emil August Reknes Larsen

NOSTALGISK BÅTTUR MED DS OSTER

I samband med 25-årsmarkeringa av fjorden som kommunen sin tusenårsstad var bebuarar på sjukeheim, i heimeteneste, eldre og pensjonistlaga invitert på båttur på tusenårsfjorden fredag 22. august.

DS Oster tok spente og forventningsfulle passasjerar om bord og tok først turen inn i Hostelandsosen. Deretter gjekk turen rundt Arekletten mot Herøyosen og Dyrøyna før ein gjekk ut i Fensfjorden og snudde sørover rundt Kvamsøyna og tilbake til Duesund og Sandnes.

Det vart ein tur som vekte mange minne for dei som var med. Praten gjekk livleg og svelene gjekk ned på høgkant. Ordførar Erlend Kvamsdal haldt tale og Karstein Totland fortalde om tida med fjordabåtar. «Dar kjem dampen» vart sunge med Haldis og Sveinung som forsongarar.

Under kan du lesa talen til ordføraren:

**Kjære masfjordingar,
velkommen om bord på gamle dampen Oster!**

Mange av dykk hugsar kanskje at me på sjølvaste nyttårsdagen i år 2000 hadde eit stort arrangement i kommunen – «Ei nostalgisk tusenårscruise på tusenårsstaden». Bakgrunnen var at Masfjorden kommune hadde peika ut sjølve fjorden – livsnerven vår – som sin tusenårsstad. Fjorden har vore heilt avgjerande for kommunikasjonane i bygda, særleg om vi ser 50 eller 100 år tilbake i tid.

Tusenårsstaden skulle vere ein stad med både historisk og kulturell verdi. Det stemde då, og det stemmer like godt i dag. Kanskje er fleire av dykk som er med på turen no, dei same som stod på dekk i år 2000?

Denne gongen har me ikkje berre éin tur, men to. I dag går Oster ut i dei ytre delane av Masfjorden. For mange i den eldre generasjonen er fjorden knytt til sterke minner – frå oppvekst, arbeid og reiser med dampbåt. Nokon har sjølve stått på kaiane og venta



på varer eller kjente som kom med båten.

At me i dag kan ta turen ut på fjorden med Oster, er noko heilt spesielt. Det er ein måte å gje tilbake litt glede – og å heidle dei som bar bygda før oss.

I morgon, laurdag, går ferda vidare innover – frå Sandnes til Duesund, Andvik, Solheim og heilt til Matre. Kommunen har sett av midlar til å pusse opp kaiane og gjere fjorden meir tilgjengeleg. Det blir kulturinnslag både på båten og på land, og på kvelden samlast vi til avslutning på Sandneskaféen.

Me er glade for å ha Oster med oss i dag. Skipet vart bygd i 1908 ved Christiansands Mek. Værksted på initiativ frå Modalen kommune, og vart eit symbol på rutebåten – dampen – som bandt saman bygdene våre. Under krigen vart ho rekvirert, først av marinen, sidan av tyskarane, men kom etter krigen tilbake til dampbåtlaget som rutebåt. I 1996 vart Oster overtatt av Nordhordland Veteranbåtlag og sett i stand som verneverdig skip.

Men når me no er ute på tur med dampen, må me òg minnst ei dramatisk hending frå krigsåra. I februar 1944 forliste DS Masfjord ved Duesund. Det var ei tragisk hending der menneskeliv gjekk tapt, og for mange familiar i Masfjorden sette ulukka djupe spor. Historia minner oss om at fjorden ikkje berre har vore ei ferdselsåre som batt oss saman – han har òg vist si mektige og uforutsigbare side gjennom tidene.

Samtidig kan vi glede oss over at fjorden i dag er ein stad for fellesskap og gode opplevingar. På dekk på Oster kan me nyte utsikta, musikken, samtalande og minnes både dei som kom før oss og dei gode stundene vi skaper her saman.

Så, kjære masfjordingar: Lat oss smile, syngje og

hygge oss – og ta vare på denne dagen som ein ny bit av historia vår.

God tur – og skål for fjorden!

Erlend Kvamsdal

Foto: Ådne Matre Andersen



*Ordføraren
tok vel i mot
alle passasjerane.*





Foto t.v.: Karstein Totland fortel om den gongen fjorden var hovudferdselsåra i kommunen vår.
Foto t.h.: Kaptein Jakob Holme (frå Modalen) styrte DS Oster med stødig hand.



HERLEG NOSTALGI

På laurdag vart jubiléet markert med fjordabåt og herleg fjordnostalgi, vakre veteranbussar, konvoi, liv og røre på kaiane, festleg underhaldning på sjø og land, markeringar og tilbakeblikk, heidringar, filmframsyningar, omvisingar og konsertar.

Gledeleg mange deltok på markeringa. Overalt var det god stemning, smilande fjes og godt, gamaldags folkeliv.

Alt dette fekk oss til å kjenne på fjorden som sosial møteplass og på eit sterkt fellesskap mellom oss som bur her.



MARIT VART HEIDRA

Då båten klappa til kai på Andvik vart det markering av ein trufast kjøpmann. Under kan du lesa helsinga frå ordføraren til kjøpmann Marit Krossøy:

Ved tusenårsskiftet var det butikkar ved dampskipskaiane på Risnes, på Sørkvingo, på Sandnes, på Andvik, på Solheim og på Matre. I dag er berre butikken her på Andvik igjen av alle desse.

Då me feira tusenårsskiftet 1. nyttårsdag for 25 år sidan med fjordcruise og MS Bruvik fullasta med festglade masfjordingar overrekte dåverande ordførar Helge Haukeland diplom til Tomas Krossøy i samband med eigarskifte på butikken. Den dagen overtok dottera Marit Krossøy som kjøpmann.

No har ho Marit bestyrt butikken i 25 år.



At butikken framleis er her som den einaste igjen ved tusenårsstaden til Masfjorden kommune synest eg fortener ein oppmerksomhet. Så Marit, fint om du kan koma hit og ta imot ei heidring for 25 år som trufast bestyrar av Andviken Shoppingcenter med gode ønskje for vidare butikkdrift her på Andvik.

Erlend Kvamsdal



Folkeliv både på kai og ombord, med fleire generasjonar. Festleg underhaldning med Vegard Kvestad og ei gruppe frå Fjon musikklag. Folket på Solheim ventar spent.



SEREMONI PÅ MATREKAIEN

Då DS Oster kom til Matre samla alt folket seg på kaien til ein seremoni med helsingar, tale, heidring og musikkinnslag.

Først ut var Helge Haukeland. Han var ordførar då fjorden vart tusenårsstad for 25 år sidan.

Lovisa Midtbø var rådmann Her kan du lesa helsingane deira:

Ordførar, gode sambygdingar og alle andre som har funne vegen hit til Matre i dag.

Det er gledeleg og stort å stå her i dag å tenkja på at no er det over 25 år sidan vi feira FJORDEN som tusenårs-stad.

Hausten 1999 var det kommuneval og ei uroleg politisk tid. Midt oppi det skulle vi óg bestemma Masfjorden sin tusenårs-stad.

Kommunestyret skulle finna noko som samla, men det var óg viktig å finna ein stad som stod seg år etter år.

Det mangla ikkje på forslag. Flotte fjell har vi i alle delar av kommunen vår. Ådneburen, Stordalen med si Bjørn West- historie, Matreshola og fleire andre gode forslag var framme.

Den 14. oktober 1999 sa eit samrøystes kommunestyret i eit vedtak med 6 punkt at sjølve Fjorden skulle vera vår tusenårsstad.

Fjorden som alltid har lege her. Som ferdaveg, som levebrød og attåtnæring med fiske, for ikkje å gløyma som transportveg for tømmer og trevirke.

Når eg i dag møter kollegaer i Pensjonistforbundet i Austrheim og Øygarden så trekkjer dei fram trevirke som dei fekk i frå Masfjorden i tidlegare tider. Kvingo, Risnes og Hostelandsmarka, Bergsvik og Trodalen, og fleire andre stader finn ein at flott tømmer vart levert derifrå.

Ein av dei stadane ein kan lesa om dette er i boka



«PÅ KYRKJEFERD I SOGN OG FJORDANE DEL 2 SOGN)».

Eivindvik vert rekna som ein svært gammal kyrkjestad. Frå 11-hundretalet og fram til 1860 hadde dei hatt tre ulike kyrkjer. I 1861 vart det bestemt at det skulle byggjast ei ny kyrkje med 700 sitjeplassar. Det beste tilbodet på tømmer fekk dei i frå Masfjorden. På ein finversdag vart tømmeret slept til Eivindvik med roing. På turen deltok fleire båtar med fullt mannskap. Då dei kom i llenes-sundet møtte dei ein båt frå prestegarden. I denne båten hadde dei spelemann med, og øl til dei tørste roarane.

Vel inne på Prestebryggja var det dekkja langbord med rømmegraut og meir øl. Slik feira dei at tømmeret frå Masfjorden til nykyrkja var framme.

I 1863 sto kyrkja ferdig, så neste gong de besøkjer den kan de tenkja på at mykje av tømmeret der er i frå Masfjorden.

Fjorden ligg her i dag, og skal gjera det i uendelege tider framover. Då er det opp til oss som no får låna den, å ta vare på den framover, slik at våre etterkommarar kan gleda seg over den flotte Masfjorden dei fekk overta.

Takk for meg, og då vil eg gje ordet vidare til Lovisa Midtbø som var rådmann og min næraste samarbeidspartnar i mi ordførartid.

Helge Haukeland, ordførar 1999 – 2003.

Lovisa Midtbø si helsing:

I dag minnest me tusenårsskiftet og arbeidet med tusenårsstaden vår. Eg skal lesa litt frå eit dikt som stod i Strilen 03.11.1999 og er skrive av Jon Hope. Han bur no på sjukeheimen og går i sitt 100-år. Han har gjort ein stor innsats i politikk, skule og samfunnsliv i kommunen vår, og i samband med denne markeringa vil kommunen heidra han med ein diplom med dette diktet på.

TUSENÅRSTAD

Av Jon Hope

DEPARTEMENTET dei sende skriftet
Og minna alle på sekelskiftet
Til kvar kommune dei difor sa
«No må de velja tusenårsstad»

Så vart det nedsett komitear
Dei tenkte: her treng me idear.
Og komiteen oss difor bad:
«Årtusenstaden, han namn skal ha»

For sjølve namnet de sjølv lyt råde
De kan og velja naturområde.
Og mange stader det for oss sveiv.
Men «Fjorden» ingen det var som skreiv.

Det mange var som gjekk lenge svangre
Med gode namn, men no lyt dei angre
For ingen tyktest ha svara rett
Det har me nett i avisa sett.

For då han Helge tok over roren
På «Masfjordskuta»
Då vart det «Fjorden»
Slik vart kje det som me ville tru,
Ei Matrehole, ei Masfjordbru

No skal kje lenger bli ytre-indre
For så vidt vert nok problema mindre
No alle samlast me på ein fjord
Bå dei der sørafrå og dei nord

Kommunestyret på «Fjorden» røysta
Eit vedtak: Samrøystes. Det er trøysta.
Og pengar ville dei leggja te
Men det mot røysta til F R P



Jon Hope får tildelt heidring frå ordførar Erlend Kvamdsal

I dag vil eg dra fram litt om livet på kaiane våre. Som barn på 50-talet opplevde eg dette sterkt på kaien i Andvik i 50-og 60 åra. For å følgja med, var det viktig å vera på kaien når båten kom. Dei store hendingane i livet til folk flest vart synlege på kaien- og medverka til at me levde i eit ope samfunn og visste om og lærde av det som hende i bygda.

Her såg me:

- At husdyr kom på land eller vart sende med lastebåten. Det kunne by på stor dramatik- og både sorg og komikk.
- Post og pakkar kom på land og kunne hentast så snart båten for.
- At dei nyfødde kom heim frå Kvinneklinikken og vart borne i land av stolte mødre og fedre
- At nyforelska plutselig kom heim med ein kjærast som skulle presenterast for familien for første gong- og ungdomsflokken i bygda plutselig fekk det travelt med å rigga til bjølling.
- Konfirmentar som kom heim etter å ha vore i byen for å kjøpa konfirmasjonsklede.
- Emissærane som skulle ha møte i bedehuset- med og utan instrument og filmmapparat.
- Sjøfolk som kom heim etter år borte.
- Folk som hadde vore i byen på julehandel og kom heimatt i eit usedvanleg godt humør.
- Slektningar som kom heim – til og med heilt frå Amerika -og vart tekne imot i stor glede- og sagt farvel til med gråt når dei drog att.
- Det store alvoret i livet- det var aldri så høgtideleg stilt på kaien som når nokon døydde og kom heimatt i ei kvit kiste for å begravast frå heimen.

Mannskapet om bord på fjordabåtane var viktige servisarbeidarar, dei hjelpte folk både på og av , dei venta viss nokon var seint ute, og hadde du ein småbåt, kunne du borda båten midt ut på fjorden og klatra om bord der. På båten treffe ein kjende og møtte folk ein sjeldan såg. Det var ofte livleg om bord. Eg har høyrte muntre historiar frå hendingar om bord og på kaiane. Ei av dei historiane eg har høyrte er om avslutning av eit kommunestyremøte.

Medlemmene i kommunestyret nytta ofte kveldsruta til Matredal for å koma seg heimatt frå kommunestyre-

møta på Sandnes. Matredal måtte av og til venta litt ved kaien på Sandnes på at møtet skulle bli ferdig. Ein gong vart det i lengste laget for mannskapet, dei vart nokså utolmodige. Folk som var på kaien den dagen stod der framleis, dei hadde det ikkje travelt med å koma seg heimatt. Ole Lauvås som jobba på Matredal ropte opp til ein på kaien, eg trur det var til Arne Sandnes og sa:

«Veit du kva sak dei har føre seg i kveld som tar så lang tid?» Han svara «Eg trur det var saka om bygging av fødestove attmed gamleheimen som var siste sak i dag.» Då kommenterte Lauvåsen tørt «Då tar det vel ni månader då»

Fjorden er vår tusenårsstad. Fjorden vår er ein flott vestlandsfjord, ein varig og usliteleg naturverdi som er vedlikehaldsfri og vel verd å ta vare på no og for komande generasjonar. Det er med glede me ser at kommunestyret med ordførar Erlend Kvamsdal i spissen vil hjelpe til med å vedlikehalda og rusta opp kaiane våre.

Lukke til med arbeidet vidare!

Lovisa Midtbø



Nortopia og Vegard Kvestad

TRAVEL DAG FOR ORDFØRAREN



Ordføreren heldt tale også på Matre. Medan Helge Haukeland og Lovisa Midtbø hadde tilbakeblikk i sine helsingar såg ordføreren framover:

Gode masfjordingar og gjestar i den flotte kommunen vår!

I budsjetthandsaminga for 2025 stilte eit samla kommunestyre seg bak at kommunen i haust skulle markere at det er 25 år sidan tusenårsstaden **fjorden** vart oppretta og at det skal leggst til rette for at fjorden igjen kan bli meir brukt.

I sommar har me difor hatt oppussing av fleire av dei gamle dampskipskaiane, på dei stadane der kommunen i år 2000 hengde opp tusenårsskilta på tofter og tiljer, for å markere for ettertida at dette var svært viktige stadar for folket i Masfjorden kommune. Etter 25 år ser me likevel at tidens tann har tært på fleire av stadane, og det kan ha fleire forklaringar:

- T.d. at mange kaiar har fleire eigarar og få som vil ta ansvaret med å vedlikehalda kaiarealet
- at kaiane er vorte litt gløymd der dei ligg borte av synet, no når me alle køyrer langs bilvegane til og frå i travle ærend.

Men kaiane kan bli viktige igjen, og me som sit i kommunestyret meiner at det bør vera eit viktig mål å få attreist fjorden som ein viktig ferdslveg,

både for nytte og for rekreasjon, og for at kaiane og bryggjene igjen kan bli viktige møtestadar for både gamle og unge.

Skal me klara å attreise fjorden treng me at både grendelag, grunneigarar, friville lag og organisasjonar er med på ein dugnadsinnsats. Masfjorden kommune har løyvd 500.000 kr. i budsjett til dette formålet, men me treng brei deltaking skal me nå målet om at alle bygder skal få god tilgang til fjorden igjen! Me vil vel alle at nye slekter skal kome til i grendene våre, og at også dei skal få nærleik til kva fjorden har betydd for tidlegare generasjonar, og få gleden av om sjølv bruka denne til rekreasjon og nytte. Då treng me lokale initiativ for å få til ansiktsløftinga me alle meiner må til. Det fortjener dei som bur ved fjorden, alle bygdene våre, dei som driv næringar her og til slutt oss alle sammen, alle me som vil leva og opphalda oss her i Masfjorden.

No skal kommunen snart vedta både ny samfunnsdel til kommuneplanen og ny kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Då får kommunestyret eit stort ansvar for å sikra at fjorden ikkje vert gløymt, og at me skal ha forplikande målsettingar og å ta den i bruk igjen!

Her på Matre ønskjer me at det vert meir liv att på kaien, og at unge familiar kan få høve til å etablere seg. Matre har mykje å by på, både arbeidsplassar og godt oppvekstmiljø. Eg som politiker er trygg på at staden treng utvikling, både med fleire arbeidsplassar og fleire bustadtomter. For på den måten kan me og sikra grunnlaget for barnehage og skuletilbodet, samt sikra rekruttering til idrettslaget Bjørn West og andre lokale organisasjonar.

Så vil eg takke alle de som deltek her i dag, har bidratt eller skal bidra til 25-årsmarkeringa av fjorden som tusenårsstad.

Takk!

Erlend Kvamsdal

HELSING TIL DS OSTER



DS Oster vart heidra for innsatsen dei gjer med å ta vare på fjordabåtane si historie. Innramma av tonane frå "Dar kjem dampen" overrekte ordføraren ei pengegåve frå Masfjorden kommune til DS Oster for dette arbeidet. Tor Bjørgaas takka for gåva og fortalte litt om restaureringsarbeidet. Under kan du lesa helsinga frå ordføraren:

Mange har kome sjøvegen hit med Oster i dag, og det er knytt mykje nostalgi til det å vera om bord på ein slik båt.

Fjordabåtane var i si tid livsnerven i bygdene våre. Dei frakta folk og gods mellom grendene og var vegen vår til byen. I dag ville me oppgitt ha rista på hovudet om det var ei dagsreis og vel så det til byen. Men den gongen visste ein ikkje om noko anna og ein innretta seg etter det. Dampen var livsviktig.

Oster er ein førsteklasses representant for fjordabåtane. Oster si historie går heilt tilbake til 1908 då båten på Modalen si oppmoding vart bygd for å kunne forsera istilhøva i Oster- og Mofjorden vinterstid og hindra at Modalen låg i

isolasjon om vinteren.

Under krigen var båten i tysk teneste og på 60-talet vart han ombygd til fraktesbåt.

I tida før årtusenskiftet vart båten overteken av Nordhordland Veteranbåtlag. Dei sette i gong arbeidet å føra båten tilbake til fordums prakt, og resultatet ser de her i dag.

På kontoret mitt er det ikkje så mykje på veggane, men ein ting har fått plass: Over vindauga heng ein plankett med DS Oster på. Dette ser eg på som eit symbol på kor viktig fjordabåtane ein gong var.

I dag markerer me fjorden som tusenårsstad. Me set stor pris på den frivillige innsatsen Nordhordland veteranbåtlag gjer for å ivareta fjordabåtane si historie og me ønskjer å overrekke ei gåve til Veteranbåtlaget for dette.

Takk for den eineståande flotte innsatsen de gjer!

Erlend Kvamsdal, ordførar

KULTURARRANGEMENT PÅ BJØRN WEST-MUSÉET



Bjørn West-museet var ein av fleire stader der folk var samla på Matre laurdag 23. august. Omlag 170 menneske var innom Bjørn West-tunet. Det var ope museum med gratis inngang – sponsa av Masfjorden kommune. Resten av arrangement gjekk føre seg ute i det flotte været.

Lars Rognald (frå Matre) /vener hadde konsert i to avdelingar med egne låtar. Med i bandet var Hedvig Guren, Øystein Bru Scheldrup og Gaute Ulltang.



Mellom konsertane hadde Distriktssjef i HV-09, oberst Asbjørn Lysgård ordet. Han drog linjene frå Bjørn West-soldatane til dagens alvorlege konflikhtar i verda - også i våre nærområde i Europa.

Distriktssjefen la så ned blomar til minne om dei som fall, dei som tok del og dei som hjelpte til under kampane i Masfjordfjella. Han også overrekte også ei utmerking som «HV-kjentmann» til avdelingsleiar på 'Bjørn West-museet – Arnold Matre. Dette m.a. for sin innsats med opplysningsarbeidet knytt til motstands-rørsla i Matrefjella.



Tekst og foto: Arnold Matre

Det var sal av heimelaga rømmegraut, lappar, kaffi m.m. Mange sette pris på ein god prat med gamle kjende i Bjørn West-tunet.

Takk til alle som var innom oss i dag.

OMVISINGAR PÅ HAVFORSKNINGSINSTITUTTET OG EVINY

Havbruksinstituttet opna dørene for publikum og mange nytta høvet til å få omvising. Inne vart det vist ein biletserie over utviklinga til Havforskningsinstituttet frå den spede start og fram til i dag. I resepsjonen vart dei besøkjande delt inn i grupper, og dei smilande vertane frå HI (sjå biletet under) tok gjestane med ut i anlegget til ein interessant runde blant fiskar og kar. Alle dei besøkjande vart "fora" med søte og salte fiskar frå store godteskåler i resepsjonen 😊



I kinosalen på Eviny tok leiar for driftsområdet Matre, Frode Langhelle i mot gjestene. Han fortalde om utviklinga som har vore frå oppstarten av kraftutbygginga og fram til i dag. Deretter fekk ein sjå filmar frå pionertida og nyare anleggsutbyggingar.

Veteranbussane og Masfjorden taxi gjekk i skytteltrafikk mellom kaien og arrangementstadane på Matre.



JUBILEUMSFINALE MED STEPSISTERS



Feiringa av tusenårsfjorden vart avslutta på Sandneskaféen med ein feiande flott konsert med StepSisters og Jon Martin Skauge i storform. Kveldsola skein frå ein skyfri himmel og terrassen var fylt opp med eit feststemt publikum som

gledde seg over det dei fekk servert.

Konserten sette eit verkeleg flott punktum for markeringa av fjorden som Masfjorden kommune sin tusenårsstad.





Takk til alle som deltok, bidrog og delte bilete frå jubileumsmarkeringa.

